

NR. 1

JANUAR 1983

16. ÅRG.

Det vi ikkje maktar!

Korleis nå fram til Jesus? Til Gud? Til Himmelen? Når dei mørke skyene sig inn over vår eige private kvardag, eller vi lar tankane sviva kring atombombe-trussel, miljøydelegging, krig og uro i verda, då får mange av oss ein lengt etter å nå fram til Guds rike. Der er ikkje sorg, skrik og smerte, heller ikkje død. Gud sjølv skal då vera nær oss og tørka bort kvar tåre frå våre kinn. Men korleis nå dette riket?

Framh. s. 2.

Atle Roness på kurs i Arna



Overlege ved
Modum Bads
Nervesanatori-
um, dr.med. og
cand. theol. Atle
Roness vert med
på kurset Arna
Kyrkjelydsskule
har 11.-12. febr.

Sjå s.4.

KONTINGENT 1983

Kyrkjelydsbladet vert sendt til alle heimane i Arna. For å kunna gjera dette, treng vi få inn midlar. Sokneråda har vedteke ein «frivilleg» kontingen på kr. 25. Ved dette nummeret av bladet ligg ein postgiro innbetalingsblankett som ein kan nytta. Kontigenten

kan også betalast over bankgiro 8440.21.01856.

Vi vonar mange vil vera med å betala for bladet. Det er sjølvsagt også høve til å betala meir enn den frivillege kontigenten. Dei som ikkje bur i Arna får bladet med å betala kr. 25,-.

GODT NYTT ÅR

Framh. frå s. 1.

Det vi ikkje maktar

Guds rike kan vi ikkje arbeida oss inn i. Asketiske øvingar, eller fromme gjerningar fører oss ikkje nærmare Gud. Våre milde gaver, vårt audmjuke tenarsinn, vår kamp for rettferd og fred, alt dette er viktig for at vi menneske kan ha det godt saman, men det fører oss ikkje nærmare Jesus og Guds rike. Heller ikkje med romskip i sirkel rundt vår planet kan vi sjå Gud. Vi må kapitulera, vi når aldri fram til Jesus og Guds rike med eigne krefter.

Guds kjærleik — hans omsut for deg og meg — hans ynskje om å ha oss i sitt rike — førte til at han sende sin eigen son ned til oss. Når vi ikkje kan nå Jesus og

Guds rike av eigne krefter, kom Guds rike nær til oss ved Jesus Kristus.

— Dette er jula sin glade bodskap — Guds rike er kome nær til oss!

I din og min daglige gjerning skal vi få leva med Jesus. I våre daglege suter og sorger skal vi få nyitta oss av dei himmelske krefte. I den usikre framtida for vår jord kan vi veta at vi allereide har fått del i eit evig rike, eit evig liv. — Om me lever eller døyr så hører vi Herren til!

La oss i det nye året opna opp for Jesus kome i våre liv! Med skaparens krefter som verksame er det grunn til å ynskja kvarandre tillukke med det nye året!

Sjå Gal. 2.11-23.

Ove Skjoldal

Tror du Bibelen
er foreldet,
tar du feil.



Den er
GODT NYTT
for deg!

BIBELEN

Bibelen er grunnlaget for kyrkje og kristenliv, og ser vi nøyare etter, er det utruleg kor mykje bibelske tankar har å seie for heile samfunns- og folkelivet vårt.


Kvar dag ein bibeldag

Bibelen er kraftkjelda for ein kristen. Alt som lever, må ha næring — rett og fullnøyande næring. Slik er det og med det åndelige livet. Ein som vil vere ein kristen, må ha noko å leve på. Guds ord gjev kraft og vegleiing for det daglege liv.

Difor må kvar dag vere ein bibeldag. Ei stund med Bibelen i ro og bøn og ettertanke er den daglege oppbygging vi har bruk for.

?

GIVARTENESTA



ARNA KYRKJELYD

Komitén for Givartenesta har som mål å samle inn ca. kr. 30.000,- fram til juli -83. Dette skal dekkja utgiftene vedrørende ein medarbeidar på full tid. Kyrkjelyden har engasjert Evy Bjerga til å arbeide blant born og unge.

Førtifem personar har gitt regelmessig og til no er det kommen inn kr. 13.000,-.

Det er eit stykke att før målet er nådd og komitéen håpar difor at dei faste givarane held fram. Samtidig håpar vi på mange nye givarar.

Er du ikkje med i Givartenesta, kan du berre fylle ut kupongen under og du vil høyra frå oss.

Eg/vi vil vera med i Givartenesta

Namn:

Adresse:

Sendes: Givartenesta, Arna Sokneråd,
v/Marit Horntvedt, Stølv. 94 e.
5260 INDRE ARNA.

ÅRSFEST

Ytre Arna kyrkjelyd har årsfest i Kyrkjelydshuset sundag 30. januar kl. 17.00.

MISJONSFEST


Den årlege misjonsfesten på Ytre Arna bedehus vert mandag 14. februar kl. 19.00.

Kyrkjelydstreff i Arna

Søndag 30. januar kl. 19.30 vert det nytt kyrkjelydstreff i Arna bedehus. Nærare program vert kungjort seinare.

Årsfest i Arna kyrkjelyd

Søndag 13. februar kl. 18.00 vert det årsfest i Arna kyrkjelyd. Sokneprest Knut Hernes i Firdalen talar. Soknerådet legg fram årsmelding og rekneskap for 1982. Ellers vert det song og musikk og servering. Festen vert i Arna bedehus.



Arna Kyrkjelydsskule

inviterer til kurs våren 1983:

I vår har vi to kurs på programmet.

1. Seminar om «KYRKJELYDEN SOM OMSORGSFELLES-SKAP» 11. - 12. februar.

—Korleis kan vi skapa ein betre kvardag for kvarandre?

—Kan eg vera kristen når eg er deprimert?

—Korleis møta menneske i sorg?

Mange av oss treng å arbeida med holdinar, vi treng kunnkap og hjelp til praktisk omsorg og teneste i kvardagen.

Vi får med oss to foredragshaldarar:

Bjørg Sørfonden Bye (fredag) og Atle Roness (laurdag).

Bjørg Sørfonden Bye er utdanna sosionom og diakon og har vore soknediacon i Biskopshavn kyrkjelyd. Ho har såleis god erfaring frå praktisk arbeid i ein kyrkjelyd med dette.

Atle Roness er overlege ved Modum Bads Nervesanatorium. Han overtok denne stillinga etter Gordon Johnsen.

Atle Roness er frå Bergen og før han tok over på Modum, var han overlege ved psykiatrisk avdeling på Haukeland sjukehus. I den tid han var i Bergen, var han og leiar for familierådgjevingskontoret i Biskopshavn. I tillegg til utdanninga som lege har han studert teologi og tatt teologisk embeteksamen.

Tid og stad for seminaret:

Fredag 11. februar: kl.19.00 - 21.30 i kyrkjelydshuset, Ytre Arna.

Laurdag 12. februar: kl.09.00 - 14.00 i Arna bedehus, Arna.

Deltakarane tar med formiddagsmat laurdagen, te og kaffi vert servert.

Deltakaravgift: 50 kr (ektepar kr. 75,-)

Påmelding innan fredag 4. februar til:

Arna kyrkjelydskontor, boks 11, 5265 Indre Arna, tlf. 24 04 00, eller Ytre Arna kyrkjekontor, Peter Jebsensv. 39, 5265 Ytre Arna, tlf. 24 23 03.

2. KURS FOR PENSJONISTAR: Å VEKSA I ALDER OG VISDOM

Dette kurset kjem vi attende til seinare, men nemner atl no nokre av emna: Kroppen i alderdommen, sinnet i alderdommen. Å møta sorg og død. Kva seier Bibelen om livet etter døden? Finst det ei meining med sjukdom og lidning? Å vera pensjonist. Kontakt med familie vene, naboar og kyrkjelyd.

Som innleiarar har vi gått med ein sjukehusprest, fleire legar, nokre pensjonistar, Kjelfrid og Erling Smemo og prestane i Arna.

Datoane er: 14.4, 21.4, 28.4 og 5.5, og kurset vert i Kyrkjelydshuset i Ytre Arna. Vi vil prøva å laga ei ordning med skyss, slik at flest mogeleg kan få vera med.

Innsamling til høyreanlegg i Ytre Arna kyrkje

Som nemnt annan stad i bladet har Ytre Arna Sokneråd vedteke å forskottera høyreanlegg i kyrkja. Ytre Arna kyrkje står som nr. 17 på kommunen si prioriteringssiste for høyreanlegg i kyrkjene, så det vil kunna ta lang tid før vi vil få det på vanleg måte.

I samråd med kommunen vil soknerådet forskottera anlegget. Då må kyrkjelyden sjølv betala utgiftene med anlegget og vi vil få tilbake det anlegget kosta når Ytre Arna står for tur på prioriteringssista. Vi vil då ikkje få noko meir i kroner enn det anlegget kosta i 1983, så utgiftene med renter og tapet av inflasjonen må

vi dekka sjølve.

Soknerådet vil starta ei innsamling til å dekka dette, og ein vil også ta opp eit offer i år. Vi vonar mange vil vera med og betala. Det kan gjerast over bankkonto: 3633.51.16954 med adresse: Ytre Arna sokneråd, Høyreanlegg.

Skulle det verta noko til overs den dagen vi får pengane frå kommunen, vil soknerådet avgjera kva i kyrkjelyden det skal brukast til.

Og at det er trøng for høyreanlegg, er det mange som har understreka.

STATISTIKK

Det vert ført statistikk i kvart prestegjeld over ulike ting. Frå statistikken for 1982 tek vi med:


	Arna	Ytre Arna
Gudstenester, ordinære	70	45
Gudstenester, ekstraordinære	41	13
Fødde	106 (96)	37 (37)
Døypte	105 (122)	34 (23)
Konfirmerte	184 (182)	55 (40)
Vigde i kyrkja	35 (31)	9 (8)
Jordfesta	53 (33)	20 (21)
Utmelde or kyrkja	11 (6)	0 (3)
Innkomme ved offer/kollekt	112.067 (157.264)	31.335 (30.395)

På Trengereid kom det inn kr. 5121 i offer/kollekt. Der var det 14 ordinære gudstenester. Tala for 1981 står i parantes.

Når det ikkje er heilt samsvar mellom fødde og døypte born, kan det vera avdi borna er døypt andre stader eller fødde eit år og døypte neste kalenderår.

Bibeldagen 30. januar 1983:

BIBLAR TIL 640 MILLIONAR INDARAR



Bibeldelar til det indiske folket er saka som skal samle nordmenn på bibeldagen som i år er 30. januar. 640 millionar indarar som snakkar 300 ulike språk og dialekter, stiller det indiske bibelselskapet overfor enorme oppgåver. Derfor har Bibelselskapet i samarbeid med Den norske kyrkja, dei kristelege organisasjonane og frikyrkjesamfunna vedteke at bibelmisjonsoppgåva i år skal støtte dette bibelarbeidet.

Kvart år vert bibeldagen arrangert på Sámannssundagen, og ulike arrangement i tilknytning til denne dagen får stadig større oppslutning. I fjor deltok omlag 80% av kyrkjelydane i Den norske kyrkja, og resultatet til bibelmisjonen vart 600.000 kroner.

Det indiske bibelselskapet som ein konsentrerer seg om i år, satser mest på å spreie mindre bibeldelar til den store befolkninga. I 1980 vart det delt ut 11 millionar evangelie og 72 millionar mindre bibeldelar, men berre 1,75 millionar nytestamente og 162.000 heile biblar. Tala kan verke imponerande, men endå er det langt att. Berre 2,5% av indarane er kristne.

No har bibelselskapet i India planlagt prosjekt for å spreie bibeldelar der store menneskemasser er samla. Pilgrimsskarer på fleire millionar menneske kan kome saman rundt dei heilage städane, og desse hinduane er opne og interesserte i å ta imot bibeldelar.

Bibeldistribusjon på jernbanen er også aktuelt. I Calcutta finn ein 1,5 millionar trafikantar kvar dag berre på dei to største stasjonane. Grupper av frivillige bibelarbeidarar går med glød inn for dette bibelarbeidet, men førebels ventar dei på materiell. Prosjekt for spedalske og studentar er også under planlegging.

— I tilknytning til Bibeldagen kjem også indaren Soisingra Mosahary på vitjing til Noreg, opplyser informasjonsleiar Alf Henry Rasmussen i Santalmisjonen. — Denne mannen har arbeidd nært saman med norske misjonærar og oversett Bibelen til det indiske borospråket, ei oversetting som no er ferdig etter mange års arbeid, fortel han.

Samling av 51 og 50 års konfirmantane i Ytre Arna



Sundag 21. nov. var 51 og 50 års konfirmantane i Ytre Arna innbedne til samling. Først var det gudsteneste i kyrkja og deretter betasuppe og kaffi i Kyrkjelydshuset. Frammøtet var svært godt — berre 2 på kvart «kull» kunne ikkje møta.

For fleire var det lang tid sidan dei hadde sett kvarandre slik at dei måtte sjå både ein og to gonger for å vera sikre på kven det var dei snakka med. Men praten kom godt i gang, og mange minner vart utveksla. Nokre salmevers fra konfirmanttida sat fast i minnet enno, og ellers var det minner fra

turar, speidararbeid og skulen som kom fram.

Litt samanlikning med tida i dag vart det også. Gåvene til konfirmasjonen kunne ikkje rekna i 1.000-lappar i 30-åra. Det å få nye klede var det vanlege.

Av dei som vart konfirmerete den gongen, bur svært mange framleis i Ytre Arna. Det har vel samanheng med at her var det arbeid å få. Men det skulle vel også vera eit teikn på at ein trivst her?

Det var tydeleg at dei syntest det var fint å koma saman, og dei oppfordra sterkt til at dette vert gjort seinare år også.

Vennskap

Du kan vinne flere venner på to måter ved å interesser deg for andre enn på to år ved å prøve å få andre til å interessere seg for deg. Hele hemmeligheten består i å begynne selv i stedet for å vente på andre.

Cornegie

Retting

I desembernummeret av bladet var det ikkje dei rette namna som stod under biletet på side 4. Det skal vera: frå v: Haldor Rømslo, Frank Olsen og Monrad Ulveseter.

Familieside

ARNA SOKN:

Døypte:
 14/11: Linn Therese Ryland, Linda Larsen.
 14/11: Madeleine Moen Ivers.
 Døypt i St. Markus kirke.
 21/11: Silje Rosenvinge, Merete Solberg.
 12/12: Eirik Vestrheim, Johannes Monsen, Stian Aardal Steffensen, Erlend Ytre-Arne Vågane, Cato Hauge, Hege Karin Arverud, Benedicte Susann Eliassen.
 25/12: Morten André Abildsgaard, Andreas Skaathun Bruknapp, Andreas Bolstad Hesjedal.

YTRE ARNA SOKN:

28/11: Marianne Helle Solberg, Merete Skadal, Cecilie Hovland
 12/12: Linn-Marielle Loftås

ARNA SOKN

Vigde:
 20/11: Jørn Lindholm Fredriksen og Målfrid Ingeborg Toft.
 20/11: Bernt Jørgen Madsen og Elin Alfheim.
 4/12: Jan Olav Ottesen og Elin Kallestad.
 30/12: Nils Henrik Jansen og Liv Løset.

ARNA SOKN:

Døde:
 12/11: Aksel Hoem f.1900
 17/11: Alf Assersen f.1907
 23/11: Aslaug Åsvang f.1905
 28/11: Leif Fjereide f.1924
 25/11: Karl Martin Ross f.1919
 9/12: Haldis Tungeland f.1904
 22/12: Jørgen Jørgensen f.1894
 23/12: Mons Eilef Lohne f.1917

YTRE ARNA SOKN:

12/12: Oscar Skreien, f.1903
 18/12: Ølgård Birkeland, f.1909
 21/12: Martin Skulstad, f.1921.

Ofringane i kyrkjelydane

ARNA:

14/11: Kyrkjelydsarb.....	kr. 1441
21/11: Bedehuset Betania	kr. 2724
28/11: Muhammedanermisj.	kr. 1514
28/11: NKUF – Bjørgvin krets	kr. 1075
5/12: Diakoninstitusj.	kr. 1002
12/12: Kyrkjelydsarb.....	kr. 1418
24/12: Kirkens Nødhj.	kr. 10180
25/12: Det Norske Misjonsselskap	3200
31/12: Ungdomsarbeidet i kyrkjelyden	790

YTRE ARNA:

28/11: Den norske Israelsmisjon	627
5/12: NKSS	549
12/12: Kyrkjelydsarb.	366
12/12: Piano i kyrkja	1602
24/12: Kirkens Nødhj.	4123
25/12: Det norske Misjonsselskap	1990
2/ 1: Bjørgvin stiftsenter	437

Presten
har
ordet



Harald Sundsbø

Ny namnelov

I massemedia har det vore nemnt mykje om at det frå nytår vart sett i verk nye reglar i namnelova. Ei side ved dette er at det vert mykje lettare å skifta namn. Det gjeld både førenamn, mellomnamn og slektsnamn. Det kan no gjerast ved melding til folkeregisteret der ein er busett.

Avisene melder at folkeregistera har hatt stor pågang med slike meldingar no på nyåret, så det er tydeleg at det er mange som vil endra litt på namnet sitt. Den nye lova får også verknad for attestane ein kan få på prestekontora. Det er det eg vil nemna litt om her.

Samstundes med at folkeregistera fekk løyve til å innvilga namneendringar, vart det fastsett at det ikkje lenger skal sendast melding til prestekontoret der ein vart døypt, om namneendringa. Fram til årsskiftet var det slik at både folkeregisteret og prestekontoret fekk melding om namneendringar, og difor var kyrkjebökene alltid ajour med namna til dei som var døypte. I framtida vert det ikkje lenger slik. Nå kan ein gjerne endra namn utan at det vert retta noko i kyrkjeboka. Om ein då kjem og spør etter dåpsattest, må den skrivast på det namnet som står i kyrkjeboka. Har ein då skifta

namn, stemmer ikkje dåpsattestane med det namnet ein no har. I framtida vil såleis ikkje dåpsattestane alltid kunna vera ei stadfesting på det namnet ein har. Det vil difor verta meir vanleg å spørja etter fødselsattest frå folkeregisteret om ein t.d. skal ha pass eller andre legitimasjonspapir. I samband med kyrkjelege handlingar som konfirmasjon og vigsel vil det kunna verta spørsmål etter både dåpsattest og fødselsattest.

Fram til årsskiftet var det slik at det ved kvart prestekontor vart ført eit eige fødselsregister over alle som vart fødde i kvart sokn. Dette registeret er no overført til folkeregistera. Prestekontora vil berre få melding om born som er fødde når ein eller begge foreldra høyrer til Den norske kyrkja. For born som er fødde etter 1.1.83 vil ein såleis ikkje kunne få nokon fødselsattest frå prestekontora.

MØTE

Arna bedehus:

- 16/1: Misjonsfest kl. 18.00.
- 20/1: Pensjonistsamvær kl. 17.00.
- 6/2: Møte for Norsk Kristen Muslimmisjon.
- 17/2: Pensjonistsamvær kl. 17.00.

Ytre Arna bedehus:

- 14/2: Misjonsfest kl. 19.00.
- 16/2: Møte for Det Norske Misjonsselskap kl. 19.30.

Haugland bedehus:

- 17/2: Møte kl. 19.00.
- 18/2: Møte kl. 19.30.
- Møtene vert for Det Norske Misjonsselskap.

Glimt frå barnearbeit på Garnes, Trengereid og Lone



BARNEGRUPPE PÅ LONE

I høst har det blitt startet en barnekoret på Lone, nærmere bestemt i Londalsflaten 41 nede i kjelleren hos Martha og Asgeir Straume.

Gruppen består av 10-13 unger i alderen 9-13 år som annenhver mandag (da barnekoret på Lone

er annenhver mandag) kommer ned i kjelleren og er der fra kl. 17.30-19.30. Og de to timene fylles med litt sang og andakt, bibelkonkurranse (12 spørsmål fra Bibelen) aktiviteter - leker, litt å bite i og høytlesing fra en spennende bok.

Det håpes å kunne samle like mange unger etter Jul også. For det er behov for barnekoretter over alt!

Garnes Barnerøyster

Som ei veslesyster av Barnerøyster i Indre Arna, såg Garnes Barnerøyster dagens lys eit år seinare. Som oftast er småsysken og så noko mindre. Medlemstalet har variert ein del desse vel 2 åra, men denne hausten er det ein trufast flokk på 15 born som har møtt kvar tysdag kl. 17.00.

Me får leiga musikkrommet på Garnes Ungd. skule vederlagsfritt, og det er me svært takksame for.

Om flokken er liten, så er songgleda stor. Det er artig å merka kor fort 4 åringer kan læra utanat. Disiplinproblem har me aldri hatt. I løpet av kvart semester brukar

me å ha kosekveldar, då syng me, leikar og kosar oss med saft og kakker.

Me har vore ute og songe på forskjellige arrangement denne hausten. Ei takk til foreldra som fylgjer borna.

Eit songvers som borna er svært glade i, vil eg la stå som ei helsing frå oss:

«Jesus kom inn, Jesus kom inn.
Kom inn i mitt hjarta Jesus.
Kom inn Bli der, ver alltid nær.
Kom inn i mitt hjarta Jesus.»

Med helsing frå leiarane
v/Kjellaug Haugadal

Tanker fra en far

*Min lille jente drar meg i ermet
alt jeg gjør blir grundig hermet
Hun spør om jeg vil bli med henne
ut i regnet
jeg sier ja og gir henne tegnet
Vi finner regntøy begge to
og sammen går vi over en bro
Den fører til en foss
der vi kan gi oss
tid til å lenke
tid til å tenke
Tanker strømmer
om våre gode drømmer
Hun gir meg hele sin tillit
uten å kreve at jeg skal gå fallitt
Hun gir meg sin glede sorg og anger
uten at jeg kan gi henne sanger
om min tro på det som er rett
uten å bli trett*

Mikal Rebnord

Fat med motiv av Arna kyrkje

Som nemnt i desembernummeret har økonominemnda for Kyrkjelydshus i Arna fått laga eit fat med motiv av Arna kyrkje etter teikning av A. Brekke. Fatet kostar kr. 100,-.

Ein kan bestilla det på Kyrkjekontoret i Borgstova tlf. 24 04 00/24 02 15.



Barnekoret «NOAHS ARK» på Trengereid

Det var litt uvisst om det nyoppstartede barnekoret på Trengereid ville komme til å fortsette til høsten igjen da koret stod uten leder etter at ettåringen og menighetseleven fra i fjor reiste.

Men det har ordnet seg. Den nye ettåringen (Evy Bjerga) og Hilde Rhode (bosatt på Trengereid for tiden), driver koret som samler ca. 20-30 unger fra 5-11 år hver tirsdag etter skoletid fra kl. 14.00-14.45.

Vil lærer en del nye sanger – har en liten andakt midt inne og det

blir alltidstid til en lek og to, noe som er populært.

For ca. 1 måned siden hadde koret foreldrefest på Trengereid bedehus med masse god mat, ca. 20-30 foreldre og mange unger og mye livlig bråk.

Men det viser seg at ungene synes det er gøy å være med – for koret på Trengereid er det virkelig behov for!

Til våren vil koret være uten musikalsk leder, så hvis det er noen som kan avse tid til å være med å støtte koret, så bare syng ut!

70 år med juletonar grytidleg 1. juledag i Ytre Arna



Arne Musikkforening. Foto: Aksel Mjøs.

—Juleskikkane er gamle som sjølve høgtida, særleg rundt i gard og gren. Mindre av slikt fins på ein industristad.

—Likevel har vi i Ytre Arna kunn gledd oss over ein unik og usedvanleg vakker skikk, som knapt fins andre stader. Vi tankjer på Arna Musikforening sin 70 års gamle tradisjon med å helsa folket på staden med vakre juletonar grytidleg første juledag.

—Kyrkjelydsbladet vil gjeva honnør til Arne Musikforening - og på kyrkjelyden sine vegna bringa ei varm takk for denne årvisse julehelsing.

—Det er som heile staden vert innhylla i juletonar «mjukar' enn myrull» som diktaren seier, og unge og eldre gler seg over denne vakre julehelsinga. Folk som dreg ut minnes juletonane heime når juledagen kjem. Det gjev heimstaden karakter. Ein stad som det er godt å lengta til.

Eller som det vart sagt i ein hyllest til «musikken» ved 100 års ju-

bileums konserten i Y.A. kyrkja, for fem år sidan:

*«Minst du å vakna i jula..
slå auga opp i eit lykkeleg hus.
Kanskje sprang det ei rosa
i eit frosent sinn
når tonane ein juledag til hjarta
nådde inn».*

Opp takten til denne skikken er ikkje mindre vakker. Det var i jula 1912, og den vidgjetne lækjaren dr. Henrik Krohn låg på sitt siste, og musikkvenene ville gleda han med juletonar. Det vart ei høgtidstund.

Midt i sorga over tapet av den avhaldne Krohn kjende kanskje karane som var med at juletonane først og fremst bar bod om ein fødsel. «Ei gleda som skal timast alt folket», som det heiter i det gamle juleevangeliet.

Gjennom musikken sine tonar har den glade bodskap lydt over Ytre Arna i 70 år. Ein takksam kyrkjelyd vonar at tonane framleis vil lyda.



Glimt frå ein juletrefest

Til jula høyrer også julefestane. Dette året — som før — samlast mange der. Her har vi teke med nokre glimt frå ein av dei: julefesten for eldre på Ytre Arna bedehus.

Sundag 9.1. om ettermiddagen var det, og Ytre Arna sanitetsforening og soknerådet som var arrangør.

Her er nokre glimt frå festlyden, talaren — sokneprest Sellevold, også pensjonist, — ei gruppe frå klasse 4A frå Ytre Arna skule som tok del i programmet, og nokre av musikantane frå Arne Musikforening som spela vakre juletonar. Ellers var det og musikk ved Knut og Siri Brunvoll og glade berghistoriar opplese av Eli Mohn.

Kyrkje-nytt i ARNA



— Juletida går mange til kyrkje. Julaftan er ein av dagane i året då kyrkja vert for lita. Arna kyrkje var fullsett ved 3 gudstene-ster i år. Ytre Arna kyrkje var heilt fullsett ved siste gudstene-ste. På Trengereid er det også gudsteneste, og der var det møtt fram mange. Til gudstenestene juledag var det også godt fram-møte.

— Ytre Arna sokneråd har fått tilbod om å ha ein eittåring neste skuleår. Det sa soknerådet ja til, så frå hausten vil ein få ein fulltidsarbeidar i kyrkjelyden i tillegg til dei som er frå før.

Ein eittåring er rundt 20 år og vil arbeida her eitt skuleår.

— I kyrkjelydshuset i Ytre Arna vil ein no laga til eit mørkerom. Det skal brukast av Kyrkjelydsbladet og guttekubben og eventuelt i ungdomsarbeid. Litt dognadsarbeid står att før det vert i orden.

— Ytre Arna sokneråd har gjort endeleg vedtak om å skaffa høyreanlegg i kyrkja. Ein arbeidar med få pristilbod og godkjening, så om ikkje altfor lenge vil det venteleg vera på plass i kyrkja. Slik det no ser ut, vil anlegget kosta ca. 22.000 kr.

Bedehuset Betania

I artikkelen om utvidinga av bedehuset på Lone i førre nummer, var ikkje byggekostnadene nemnt. Utvidinga er kostnadsrekena til ca. 700.000 kr. Dugnadsinnsatsen har vore stor, så ein vonar å koma langt under denne summen når arbeidet er ferdig.

Bygefondet frå før var ca. 176.000 og i 1982 kom det inn ca. 184.000. Derved er det no samla inn 360.000 til byggearbeidet.



Misjonsveke i Ytre Arna og Haugland

Misjonsveka startar med misjonsfest 14/2. Onsdag 16/2 vert det møte på Ytre Arna bedehus. Torsdag 17/2 og fredag 18/2 vert det møte i Haugland bedehus. Avslutningsmøtet vert i Ytre Arna kyrkje sundag 20/2 kl. 19.00. Talar vert Magne Marthinussen frå Det Norske Misjonsselskap.

I MIN FORRETNING
finn De gåver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.

5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 23 20 50

Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossgt. 11, tlf. 23 20 50

Alltid til tjeneste

VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arnafolk, der alle kundar, store som små, er hjarteleg velkomne.

VESTLANDSBANKEN,
avd. Arna

ESPELAND GARTNERI

Telefon 24 08 09

Blomsterforretning
Hagesenter
Kransebinderi

ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08

Begravelser og bisettelser ordnes. Transport med egen bil. Annonser, sanger, sløyfer. Monumenter besørges oppsatt.

Banken i Arna frå 1866

SPAREBANKEN VEST
AVDELING ARNA

— til bygdefolket sitt beste



Aut. bilverksted
Aut. dekk-forhandler

GODE TILBUD
PÅ DEKK OG
REKVISA!

GOD SERVICE —
RIMELIGE PRISER —
HYGGELIG MILJØ!

Velkommen til vår
bensinstasjon!

Arnatveit Auto Senter
J.B. Myklestad
5260 Indre Arna
Tlf. 24 07 40



Skal det vera TV — Elektrisk —
Belysning. Hugs at vi har laveste
pris, og det De kjøper her kan De
få reparert her.

ARNA ELKJØP A/S

Ytre Arna — telefon 24 11 88
Arnatveit — telefon 24 19 70

Vi er tilsluttet landets største kje-de av elektriske forretninger
EL-KJØP

Velkommen til kyrkje



23. JANUAR

Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Offer til Bjørgvin Stiftssenter. Sundagsskule. Kyrkjekaffi.

Arna kl. 19.00: Ungdomsgudsteneste.

Trengereid kl. 11.00: Sokneprest Øy. Nattverd.

30. JANUAR

Arna kl. 11.00: Familiegudsteneste v/sokneprest Øy. Arna kyrkjekor. Offer til Det norske bibelskap.

Ytre Arna kl. 11.00: Familiegudsteneste v/res.kap. Sundsbø. Offer til Bibelskapet.

6. FEBRUAR

Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Offer til kyrkjelydsarbeidet. Sundagsskule.

Ytre Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Nattverd. Offer til Høyreanlegg i kyrkja.

Ytre Arna kl. 19.00: Ungdomsgudsteneste.

13. FEBRUAR

Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Nattverd. Offer til Israelsmisjonen. Sundagsskule.

Trengereid kl. 16.30: Res.kap. Sundsbø. Familiegudsteneste. Utdeling av «Mi kyrkjebok». Offer til Santalmisjonen. Kyrkjekaffi.

20. FEBRUAR

Arna kl. 11.00: Familiegudsteneste v/res.kap. Sundsbø. Arna Kyrkjekor. Utdeling av «Mi kyrkjebok». Offer til Det norske misjonsselskap.

Arna kl. 19.00: Ungdomsgudsteneste.

Ytre Arna kl. 11.00: Familiegudsteneste v/sokneprest Øy. Borna sin misjonsdag. Offer til Det norske misjonsselskap. Kyrkjekaffi.

Haugland kl. 16.30: Res.kap. Sundsbø.

ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.

Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.

Torsdag kl. 17.30-19.00.

Kyrkjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, Peter Jebsensv. 39:

Tlf. 24 23 03.

Kontortid: Tysdag kl. 17.00-18.00.

Onsdag og fredag kl. 10.00-11.30

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.

Redaksjonsnemnd: Sylvi Sæle, Bjørg Risøy, Laila Ueland, Audun Rønhovde, Evy Bjerga, Harald Sundsbø.
Forretningsførar: Bjørg Hellesøy.

Bladpengar: kr. 25,-

Postgiro nr. 3104445 eller bankgiro 8440.21.01856.

Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

Frist for innsending av stoff til nr. 2, 1. febr.